


# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 1

JANUAR 1998

31. ÅRG.



Bibeldagen 8. februar 1998

## Livskvalitet

AV OLE ABEL SVEEN

Mennesket har en evig, udødelig sjel. Derfor er det en hovedsak for alt som heter misjon:  
«- - at de må bli frelst». (Rom 10.1) Jesus selv talte om denne hovedsak da han sa: «Hva gagner det et menneske om han vinner hele verden, men tar skade på sin sjel? For hva kan vel et menneske gi til vederlag for sin sjel?» (Mrk. 8, 36-37)

Men Kristus-troen gir ikke bare mennesket visshet om liv og salighet i den evige verden. Å leve i et rett forhold til Gud – ha «fred med Gud ved vår Herre Jesus Kristus». (Rom. 5.1), – gir også livskvalitet her på jord. Dessverre er det mange som tenker det motsatte om kristendommen, – de tror den tar bort livskvaliteten fra mennesket. Dette er et av djevelens beste og mest løgnaktige våpen.

I en avis kom vi nylig over noen professorord om hva dårlig livskvalitet og helse kan være; «I dag har det store flertallet i Norge god inntekt, brukbar bolig og godt arbeid. Likevel er det mange som klager over dårlig livskvalitet og helse. Kanskje er det oppstått nye ikkematerielle helsetrusler: Mangel på fellesskap, mangler i samvittighet, mangel på tro,

mening og håp, mangel på tid, mangel på trygghet?» (Per Fugelli – i Stavanger Aftenblad). Bud og forskrifter er et uvesen, tenker mange.

Og så gir de seg friheten i vold. Som om det gir livskvalitet å stjelle, bryte ekteskapet, vanhellige hviledagen, lyve, slå ihel, osv. – Men «en kortvarig nyttelse av synnen» (Hebr. 11.25) er et dårlig valg, både for livet her på jord og for det kommende. For sant er det: «Å såre samvittigheten er det største sår vi kan tilføye oss selv».

Vi har lest om en gammel prest som pleide å si til konfirmantene sine når han underviste dem om budene: «Guds bud er hans livslover. Om du holder deg til dem, vil de bære deg, om du setter deg opp imot dem, vil de knuse deg». – Den gamle presten hadde rett! Det åpner for livskvalitet og virkelige verdier å følge Guds anvisning for livet her på jord. – «Å, bare du ville akte på mine bud! Da skulle din fred bli som floden, og din rettferdighet som havets bølger». (Jes. 48,18)

For sant er det fremdeles: «Han tek ikkje glansen av livet, den frelsar som kallar på deg».



# Misjons teigen

## Misjonsforeininga Bhutan 25 år

13. mars 1998 er det 25 år sidan «Bhutan» vart skipa heime hos Brit Torun og Helge Hitland på Høgatun.

Ølde over å få vera med i misjonsarbeidet og i von om å få gi misjonsstafetten vidare, vil vi i veke 11 ha flere misjonssamvær i Arna.

Måndag, 9. mars kl. 17-19: Barnas misjonsfest i Arna bedehus.  
Onsdag 11. mars: Garnes Ungdomsskule. Misjonstimar v/stud.prest Rolf Kjøde.  
Fredag 13. mars kl. 19.00: Ungdomane sin misjonskveld.  
Søndag 15. mars kl. 11.00: Vi tek del i gudstenesta i Arna kyrkje.  
Søndag 15. mars kl. 18.00: Jubileumsfest i Arna bedehus.

HJARTELEG VELKOMME!

**For for. Bhutan  
Klara Ulveseter (leiar)**



Er det konfirmantar i ein av familiane, feirer vi det mandag etter konfirmasjon. Her er det Ingrid Myhr og Synneva Monstad som er konfirmantar.

## **Formannen i Arna sokneråd:**

**– Det viktigaste er ikkje kor mange aktivitetar soknerådet set i gong, men kor mange menneske som vert frelse og lagde til kyrkjelyden**



Svein Inge Myhr (50) er gift med Kari, og dei har 4 born i alderen 16-26 år. Svein Inge er utdanna lærar med spesialpedagogikk som spesialfelt. Han synest det er spanande med stadig nye utfordringar, og han har ei allsidig yrkeserfaring bak seg. Han tok til som lærar på Guttehjemmet på Gernes, men då han hadde vore der i to år, vart denne heimen lagd ned. Sidan arbeidde han 11 år i Stavanger, før han i januar 1985 flytte med familien til Arna. Han er for tida assurandør i eit forsikringsselskap.

**Det seier den nyvalde formannen i Arna sokneråd, Svein Inge Myhr, i ein samtale med Kyrkjelydsbladet.**

– Dei har spurt meg mange gonger tidlegare om å gå inn som medlem av soknerådet, innrømer Svein Inge, men då har eg vurdert det slik at tida ikkje var mogen. Ved sida av ein nokså strid jobb valde eg å prioritera familien. Det er viktig å ta seg av borna, vera gode førebilete og prøva og påverka borna og dei unge med sine val. Det å kunna leia borna inn på aktivitetar som eg sjølv synest er positive, ser eg på som ei stor utfordring.

Den nye formannen har nettopp hatt sitt fyrste møte med det nye soknerådet, som han synest er ein fin gjeng. Førebelts har soknerådet fått informasjon om dei aktivitetane det har ansvar for. Han ser fram til 4 travle år, men han er audmjuk overfor dei arbeidsoppgåvene som ventar.

Ansvarsområdet er både breitt og mangfoldig. Men han understrekar kor viktig det er at soknerådet kan bety noko for alle dei 12.000 innbyggjarar i Arna, frå dei som bruker kyrkja berre julaftan til dei som er opptekne av dei karismatiske straumdraga i tida.

Eit viktig utgangspunkt for at arbeidet kan lukkast, er dei menneskelege ressursane. Derfor ynskjer han at folk sei er seg villige til å ta på seg oppgåver. Ikkje fordi dei vil stikka seg fram, men fordi dei har lyst til å gjera noko. Dette gjeld både medlemmene av soknerådet og dei som skal fylla plassen i alle dei utvala soknerådet har under seg. – Men det viktigaste av alt er at vi trur at

Gud leier oss og har ei mening med livet vårt. Vi i soknerådet må prøva å leggja vilkåra til rettes for at det åndelige livet i kyrkjelyden får vokstervil-kår.

På spørsmålet om korleis soknerådet stiller seg til det arbeidet dei frivillige organisasjonane driv, svarar Svein Inge Myhr at han ynskjer at soknerådet støttar opp om dette arbeidet. Han peikar på at soknerådet har innleidd eit samarbeid med misjonsorganisasjonar både i og utanfor gudstenestefellesskapet. Han viser til at kyrkjelyden i Arna

– i samarbeid med Santalmisjonen – har gått inn i eit bønnefellesskap med ein kyrkjelyd i Bangladesh.

Trass i at han no går inn i eit krevjande engasjement i kyrkjelyden vår, vonar han at han skal få tid til å dyrka sine fritidsaktivitetar, anten det no er på hytta i Lindås med båt og fiske, eller det er meir eller mindre planfaste trimmeturar. Han røpar og ei viss interesse for veteranbilar og veteransyklar, og er ikkje framand for å lytta til musikk når høvet byr seg.

### **VELKOMMEN TIL VINTER-/PÅSKELEIR I SÆTERVIKA**

20.-23. februar	10-12 års leir	kr. 405,-
23.-26. februar	10-12 års leir	kr. 405,-
26.2.-1.3.	8-12 års leir	kr. 445,-
3.-7. april	Påskeleir, 12-14 år	kr. 595,-

Sætervika Ungdomssenter ligg ved Tysse i Samnanger. Kvar dag på leir får vi høyra om Jesus og misjonsarbeidet. Ellers vert det leik, spel, skiturar til Kvamskogen m.m.

#### **PÅMELDING/NÆRMARE OPPLYSNINGAR:**

NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND

Ø. MURALM. 18, 5012 BERGEN

TLF.: 55 32 12 52

### **..... MEN HVEM SKAL JEG SNAKKE MED? KAN DU LYTTE?**

**Kirkens SOS trenger flere frivillige telefonmedarbeidere.**

Vi tilbyr en ryddig tjeneste med innføringskurs og veiledning så lenge du er med i tjenesten.

Du må være over 22 år og du må kunne lytte mer enn du snakker selv. Dersom innringer ber om det, må du kunne be en bønn.

Velkommen til et utspring godt medarbeidermiljø og en utfordrende og meningsfull tjeneste!

**Ring Kirkens SOS tlf. 55 32 58 45 på dagtid.**

### **ARNA PRESTEGJELD**

**Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna:** Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15.

**Kontortid:** Tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00-12.00.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

**Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsenv. 39:** Tlf. 55 24 85 46.

**Kontortid:** Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

# Eldrefest i Kyrkjelydshuset



Arna Rotary Klubb arrangerte fest for 114 eldre i Kyrkjelydshuset i Indre Arna tirsdag 13. januar. Prost Kjell Nese holdt andakt. Rotaryklubben har holdt denne årlige festen siden 1980 og etter at Kyrkjelydshuset kom i drift har festen alltid vært holdt der.

Klubbens medlemmer stod for arrangementet og stilte også som sjåfører for å bringe deltakerne til festen og hjem igjen etterpå. På bildet er møteleder Atle Fasteland i prat med noen av festdeltakerne.

## Årsfest i Ytre Arna

Torsdag 5. mars blir det årsmøte for Ytre Arna kyrkjelyd. Vi byrjar med ein andakt i kyrkja kl. 18.30. Deretter går vi til kyrkjelydshuset og har vår

Utlodninga er til inntekt for kyrkjelyden. Om det er nokon som kan tenkja seg å gje gevinstar til denne utlodninga, så er vi svært takksame for det. Gevinstane kan leverast på kyrkjekontoret. Kontortid onsdag og fredag kl. 10-12.

årsfest. Det blir også ein utlodning der.

Vi ynskjer kyrkjelyden velkommen til årsfesten, og vonar at mange kan vera med oss denne kvelden.

T.J.

## Giroblankett i Kyrkjelydsbladet – Ytre Arna

Til dette nr. av Kyrkjelydsbladet fylgjer det med en giroblankett til dei som tilhører Ytre Arna kyrkjelyd. Pengane

går til Kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Vi har store utgifter på dette huset, og bed difor kyrkjelyden om ei gāve denne gongen til vårt Kyrkjelydshus. Vi takkar på førehand for gāva.

For soknerådet i Ytre Arna  
Trygve Johansen

# Gudstjenesten

Kyrkjelydsbladet vil lage en serie om gudstjenesten. Det viser seg at både regelmessige og nye kirkegjengere har behov for mere kunnskap om vår gudstjeneste. Vi har bruk for å vite hvorfor gudstjenesten er bygget opp på den måten som vi kjenner den. Vi har behov for å vite hva som er meningen med de forskjellige ledd i vår gudstjeneste.

Mer kunnskap om gudstjenestens oppbygning kan gjøre det lettere for kirkegjengerne å ta del i vår felles samling om søndagen. Her er mange spørsmål som melder seg i en slik anledning, og vi håper å kunne gi noen svar.

Vår gudstjeneste er svært gammel. Vi finner en direkte linje helt tilbake til synagogen. Vi vet at Jesus selv gikk regelmessig i synagogen. Lukas forteller at Jesus en gang leste fra en skriftrull da han var tilstede i synagogen. (Luk. 4, 16-22). Enkelte av leddene i vår gudstjeneste er hentet direkte fra Bibelen.

Skriftlige vitnesbyrd fra gudstjenesten til de første kristne gir oss et bilde av et pent, varmt og inkluderende fellesskap. Folk tok seg av hverandre og hjalp de som var i nød. Ved å lytte til Guds ord og dele nattverden vokste de første kristne seg sammen i kjærlighet og fellesskap. Fra Bibelens dager av har kristne opp gjennom tidene kommet sammen for å feire gudstjeneste. I fellesskap med Kristus og hverandre har de fått styrke til å leve som kristne medmennesker i hverdagen. Jesus har selv bedt sine venner om å samles i hans navn. (Matt. 18.20)



Av  
Trygve Johansen

Vi tar også her med et utsagn fra Justin, som levde i det 2. århundre (ca. år 140). Han sier følgende: «Vi samles alle på solens dag, (søndagen) fordi dette er den første dag da Gud gjennom å forvandle mørket og materien skapte verden og fordi vår Frelser, Jesus Kristus, samme dag sto opp fra de døde.»

Menigheten feirer også gudstjeneste om søndagen fordi det er Herrens dag, dagen da Jesus Kristus sto opp fra de døde. Hver søndag er på denne måte en påskedag der den oppstandne Jesus er levende tilstede iblant oss. Når vi går i kirken, så blir vi styrket i vår tro. Vi går i kirken for å tilbe. Dessuten møter Gud oss i sitt hus. Her samles Guds barn på jord, men også tvinerne er velkommen til Guds hus.

I vår lutherske tradisjon har prekenen vært sett på som det viktigste leddet i en gudstjeneste. Å forkynne Guds ord fra prekestolen er svært viktig, men også de andre liturgiske ledd hører med i sammenhengen. En gudstjeneste er en helhet med mange forskjellige liturgiske ledd som alle har sin egenart. Prekenen har sin funksjon og de liturgiske ledd har sine funksjoner. Alt har sin spesielle mening i Guds hus. Det er viktig at folk samles i kirken for å ta del i bønner, lovprisning, skriftlesning, trosbekjennelse, preken og nattverd. I Guds hus er vi med på å føre videre en gammel tradisjon, men det viktigste er likevel å være der for å tjene Gud. Det er din tjeneste. Velkommen til Guds hus på søndag!

# Kan Bibelen omsetjast til alle språk?

AV KONSTANSE RAEN, DET NORSKE BIBELSELSKAP

**A**t Bibelen skal vera på norsk for nordmenn, er for oss heilt naturleg. Sjølv sagt snakkar Gud norsk! Men ser vi historisk på det, er norsk eit heller nytt bibelspråk. Vel hadde vi danske biblar tilgjengelege frå 1550, men dei var både få og dyre og framande i språkføringa, i alle fall for landsens folk. Først i dette hundreåret er Bibelen blitt allemannseige gjennom bokmålsomsetjing i 1904, og nynorsk så seint som 1921. Då prestane tok til å bruka nynorsk også i kyrkja, var det ikkje utan protestar frå vante kyrkjegjengjarar «som heller ville ha tekstane på grunnspråket, slik dei var vane med.»

## Kan ein omsetja heilag språk?

Dette at Bibelen som heilag skrift kan omsetjast til alle språk, er ikkje så sjølv sagt som vi ofte trur. Tvert imot er det ofte slik at heilage bøker er skrivne på språk som også vert oppfatta som heilage. Dermed må dei også overlevert på dette språket og kan eigentleg ikkje omsetjast.

Eit nært eksempel er islams heilage bok Koranen. Teksten vart gjeven til Muhammed som skreiv han ned, og dette skriftelege nedslaget er ein kopi av den himmelske Koranen. Kopien er gjeven på det heilage språket arabisk, og einkvar muslim bør kunna lesa han på grunnspråket. Ei omsetjing kan aldri verta det same.

Bibelen har ein heilt annan tradisjon. Det gamle testamentet vart hovudsakleg skrive ned på hebraisk, Det nye testamentet på gresk, men Jesus sjølv snakka ikkje gresk! Difor er den grunnteksten vi brukar allereide omsette Jesus-ord, med nokre få unntak, der setningar på arameisk er attergjevne direkte. At dei fyrste kristne var så dristige, viser at det ikkje var eit språk elle former dei ville bringa vidare, men bodskapen om Jesus; hans verk og oppstode. Og difor bruka dei gresk, som var det språket flest mogeleg forstod, og dette prinsippet har vore fylgt seinare også.

Dei Sameinte Bibelselskapa (United Bible Societies) som er ei samanslutning av nasjonale bibelselskap i 180 land, har gjort bibelomsetjing til ei hovudsatsing: «Målet er at alle menneske skal få Guds ord på eit språk dei kan forstå, og til ein pris dei kan betale.» Og til no har ein ikkje funne så vanskelege språk at bodskapen ikkje let seg omsetja!

## Verdas mest omsette bok

I dag er Bibelen, eller deler av han, omsett til 2200 språk, og ein arbeidar med å omsetje han til 600 nye språk; av desse er 424 nye bibelspråk. Kvart år blir det ferdig vel 40 nye omsetjingar. Samstundes skjer det eit viktig og naudsynt arbeid med nyomsetjing av eldre bibelutgåver, ikkje minst i Aust-Europa.

I prosessen med å gi munnlege språk eit skrifteleg nedslag, har behovet for å ha Bibelen på morsmålet vore ei viktig drivkraft.

Ofte er bibeldelar det fyrste som vert gjeve ut på eit nytt språk, ved sida av leseopplæringsmateriell og grammattikk. I fleire land i Vest-Afrika er det slik at skal eit språk godkjennast som nasjonalt språk, må det ha skriftleg litteratur, og ein del av denne litteraturen må ha karakter av høgstatuslitteratur. Det er Bibelen, saman med grammattikk og ordbok, som vert vurdert høgast.

## Kan teologiske sanningar verta attergjevne på enkle språk i Afrika?

Ikkevel er det mange som undrast på om ein verkeleg kan få med alle religiøse omgrep og tankar i nye skriftspråk som har heilt andre kulturelle former og uttrykksmåtar. Frå eiga erfaring med stammespråk i Afrika har vi fått mange spørsmål om dette: «Kan teologiske sanningar verta attergjevne på enkle språk i Afrika? Finn de ord? Ikkje minst perefolket sjølv, der vi dreiv omsettjingsarbeidet, var i starten svært skeptiske. Deira enkle kvardagsspråk kunne ikkje vera godt nok for å fanga opp djupnene og løyndomane i den kristne religionen. Då måtte ein bruka eit «velutvikla språk som fransk, engelsk eller fulani. Slike språk kunne nok bæra fram religiøse sanningar, men deira eige kvardagsspråk kunne umogeleg strekka til!»

Ikkje minst dei som kjende europeiske språk, stelte seg tvilande. Kan vi våga å kalla Gud med namnet på skaperguden Vannabo, og dåp noko så enkelt som bading eller vasking? Er det ikkje meir heilagt å kalla Gud «Jahve» eller «God», eller dåp «baptême» som på fransk? Skal vi våga å ikle Herren Jesus Kristus perekappe og sandaler og lata han vandra ned til Jordan-bredda for å bli døypt i vanleg elvevatn av eremitten Johannes, utan glorie og glans av himmelsk overlys? Blir det omset-

jing eller redusering av ein bodskap, ja i verste fall forkvalking?

Då er det nyttig å venda attende til sjølve essensen i den kristne trua og overleveringa. «Ordet vart kjøt og bur midt imellom oss», seier Johannes. Og denne inkarnasjonsprosessen held fram kvar gong denne bodskapen blir forma i nye språk og nye kulturrammer. Og med all den omsetjing som er gjort, har ein endå ikkje funne eit språk som denne bodskapen ikkje kan bli forma ut i. Difor er det ikkje naudsynt å forlata sitt språk eller kulturelle sær preg for å møte Kristus. Det er han som på nytt blir fødd og tek bustad i nye kulturar og nye menneske.

## Herren Gud regjerer på «sjefsmatta»

Og medan Herren Gud på norsk sit på si «truna», sit han på perespråket i Kamerun på si «sjefsmatte»; men bodskapen er den same: Han regjerer! Så lyfter presten i katedralen sølvbegeret i nattverdstunda, medan han på pere lyfter kallebass-skåla. Det har lite mening i å seia skål av edelt metall når grunndordet for skål er eit uthola kallebasskar.


Sjå på åkrane, seier Jesus. Og det ein pere ser, er hirseåkeren. Kveite er eit ukjent kornslag, men mot juletider svaier bugnande hirseåkrar over heile Peresletta. I sanning, grøda er stor og onnefolka er få. Be og arbeid! Dermed vart Bibelens bilete og bodskap ein del av kvardagen sine glede og sorger. Perefolket slepp å skifte språk, tradisjoner eller kultur for å verta ein kristen. Her, midt i kvardagen sine sorger og gleder kjem Meisteren sjølv dei i møte. Han kjem til dei på klangfulle perekalar og openberrar sine guddomelege løyndomar på deira hjartespråk. Også deira kvardagsspråk gjer han guddomleg!

# Avskjed med organisten i Arna, Jostein Aarvik

Under gudstenesta søndag 14. desember vart kantor Jostein Aarvik takka for den tenesta han har utført i dei to åra han har vore organist i Arna. Jostein Aarvik vart innsett i tenesta 1. nyttårsdag 1996, og han hadde si siste teneste i Arna kyrkje på julekonserten 19. desember.

– Presten er ein viktig aktør i gudstenesta, og han er synleg for alle som er i kyrkja. Organisten derimot er ikkje så lett å få auga på, men kva er ei gudsteneste utan organist? spurte formannen i soknerådet, Harald Haugsvær, i sin takketale til Jostein Aarvik under gudstenesta. Han fremheva den stillfarande og lune organisten som ein svært dugande musikar. Men i alt sitt arbeid visste han at Aarvik hadde stila mot ein ting, å lyfta sinn og tanke mot Gud. Han vart varmt takka for eit godt samarbeid og for hans store innsats ikkje berre på orgelkrakken, men også som ein inspirerande korleiar. Formannen ynskte han lukke til i den nye tenesta han no skal ta fatt på som organist i Fana kyrkje.

Under kyrkjekaffien etter gudstenesta var det mange som bar fram takkord og gavere til Jostein Aarvik. Talarane gav



alle som ein uttrykk for at dei kjende vemo over at han no sluttar. Dei skulle gjerne ha ynskt å få ha han lenger. Men dei skjøna godt at han såg nye utfordringar i dei oppgåvene som no ventar han i Fana kyrkje. Frå kyrkedelen fekk Jostein Aarvik overrakt som minne eit fint målarstykke av Arna kyrkje.

## Ny organist

Til den ledige stillinga som organist i Arna kyrkje etter Jostein Aarvik meldte det seg 6 søkerar. Det var

ikkje kjent kven som vert tilsett i stillinga då redaksjonen avslutta sitt arbeid med dette nummeret.

## Fra bedehusland

### Betania, Lone

#### Februar

Søn. 01. B-kveld. Møte for Finnmarks-misjonen. «I Kristus», Efes. 1,1-14. **Asle Hetlebakke.**

Tir. 05. NLM. Årsmøte.

Fre. 06. Fredagskafé kl. 20.00.

Søn. 08. Søndagsskule. Fellesmøte i Arna kyrkje i samband med Bibeldagen. Song av Krinsmannskoret NLM kl. 19.00.

Tor. 12. Nattverdmøte.

Søn. 15. B-kveld. «Kalla til von». Efes. 1,15-23. Bibelskulen.

Ons. 18.-21. BUF. Møteveke.

#### Leiv Nesheim.

Søn. 22. Søndagsskule. B-kveld. HIM. «Gjort levande – av nåde». Efes. 2,1-10. **Leiv Nesheim.**

#### Mars

Søn. 01. BUF. Familiemøte kl. 16.00.

Fre. 06. Fredagskafé kl. 20.00.

Søn. 08. Søndagsskule. B-kveld. NLM. «Kristi død foreinar». Efes. 2,11-22. **Audun Stølås.**

Ons. 11. Fastegudsteneste kl. 19.00.

Søn. 15. B-kveld. HIM. «I teneste for evangeliet; forkynnig og forbøn». Efes. 3,1-21. **Ole Øystese.**

Lør. 21. NLM. Basar.

Søn. 22. Søndagsskule. B-kveld. NLM. «Kallet verdig». Efes. 4,1-16. **Øystein Rønhovde.**

Tor. 26. NMS-møte.

Søn. 29. NMS. Misjonsfest kl. 18.00.

### Arna Bedehus

#### Februar

Fre. 06. Det hvite bånd

Søn. 06.-Søn. 08. Bønneseminar kyrkjelyds-huset. **Håkon Fagervik.**

Søn. 08. Fellesmøte i Arna kyrkje i samband med Bibeldagen kl. 19.00.

Tir. 10. Alpha-kurs kl. 19.00.

Fre. 13.-Lør. 14. Kyrkjelydshuset. Temahelg «Vandring gjennom GT». **K. Kallestad.**

Søn. 15. Møte v/Bibelskulen Bildøy kl. 17.00. **Johnn Hardang.**

Tir. 17. Alpha-kurs kl. 19.00.

Tor. 19. Bøne- og vitnemøte kl. 19.30.

Søn. 22. Møte kl. 19.00.

Tor. 26. Eldretreff kl. 17.00.

Fre. 27. Bønesaml. Arna kyrkje kl. 18.00.

#### Mars

Søn. 01. Årsmøte. «Kven når me?»

#### Audun Myksvoll.

Tor. 05. Nattverdmøte kl. 19.30.

Søn. 08. Møte kl. 19.00

Man. 09. Barnas Misjonsdag. I samband med jubileum Bhutan-foreninga. **Helge Hitland.**

Tor. 19. Bøne- og vitnemøte kl. 19.30.

Søn. 22. Møte v/NLM kl. 19.00.

Tor. 26. Eldretreff kl. 17.00.

Fre. 27. Bønesaml. Trengereid kl. 18.00.

Søn. 29. Møte v/kretssekr. **Lavik** frå Søndagsskulen kl. 19.00.

Tir. 31. Alpha-kurs kl. 19.00.

## Saman i bøn (6.-8. febr.)

### Fredag 06.02:

Kl. 19.00: Thomasmesse i Arna kyrkje ved stiftskapellaren Eivind Bjørnar Hetlevik (Korskirken). Bøn, meditasjon, lovsong.

### Laurdag 07.02.:

Alle samvær i Kyrkjelydshuset.

Kl. 10.00: Seminar I v/Håkon Fagervik. Matøkt.

Kl. 13.00: Seminar II v/Håkon Fagervik.

Kl. 19.00: Seminar III v/Håkon Fagervik.

### Søndag 08.02.

Kl. 11.00: Gudsteneste i Arna kyrkje.

Håkon Fagervik talar. Etter gudstenesta er det middag.

Kl. 13.30: Seminar IV v/Håkon Fagervik.

Kl. 19.00: Bibeldagen. Møte i Arna kyrkje. Alle trussamfunn i Arna vert med. Håkon Fagervik talar og han fortel om bibelspreiing i Aust-Europa og Asia. Krets-mannskoret syng. Offer til Bibelselskapet.

– Bøn, lovsong og forbøn i kvar samling.

– Overskot etter «Saman i bøn '98» går til Nord-misjon og Håkon Fagerviks arbeid i Nord-Noreg, Aust-Europa og Asia.

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte:

### Arna sokn:

- 30.11.: Mathilde Sundfjord Sæthre, Amalie Tunestveit Åsheim, Anders Thorngquist Padøy.  
14.12.: Andreas Brakstad Johannessen, Kaj-Erik Heimvik, Henriette Løklingholm, Elin Borge og Lene Eriksen.  
11.01.98.: Jostein Hartveit, Magnus Jørgensen Magnussen, Synne Steinset, Ida Louise Back. Amalie Back døypet i Strandebarm.

### Ytre Arna sokn:

- 09.11.: Thomas Halland Helgå  
29.11.: Jan Olav Lien Hansen  
30.11.: Peter Alastair Weir, Aleksander Lauritzen Kalsås  
07.12.: Kim Jørgen Bayona Håven



## Vigde:

### Arna sokn:

- 13.12.: Kjell Harald Rysjedal og Rita Siren Færevåg. Vigde i Ulvik kyrkje.  
10.01.98.: Dag Terje Røen og Cathrine Børdal.

### Ytre Arna sokn:

- 29.11.: Solveig Lien og Åge Hansen



## Døde:

### Arna sokn:

- 18.11.: Anny Camilla Cindahl, f. 1915  
19.11.: Maria Vesetvik, f. 1910  
13.12.: Margit Marie Rolland, f. 1915  
14.12.: Bård Arne Henriksen, f. 1969  
18.12.: Johanne Amalie Bratland f. 1909



- 21.12.: Haldor M. Romslo, f. 1927  
25.12.: Jakob Tufteland, f. 1913  
29.12.: Bertina Skjoldal, f. 1918  
29.12.: Sigmund Kalvik, f. 1933  
30.12.: Signe Meland, f. 1910  
03.01.98: Amanda Flatås f. 1903

### Ytre Arna sokn:

- 22.11.: Karl Markhus, f. 1915  
24.11.: Svanhild Gaupås, f. 1915  
26.11.: Jenny Askeland, f. 1906  
04.1.98.: Gunnar Landhaug, f. 1929

## Ofringar:

### Arna sokn:

- 30.11.: Frelsesarmeens .....kr. 4087,00  
07.12.: Kyrkjelydshuset.....kr. 3417,00  
14.12.: Kirkens SOS .....kr. 3711,00  
21.12.: Barne- og Ungd.prosjekt .....kr. 1680,00  
24.12.: 12.30 Kirkens Nødhjelp .....kr. 4829,00  
24.12.: 13.45 Kirkens Nødhjelp .....kr. 3373,00  
24.12.: 15.00 Kirkens Nødhjelp .....kr. 10069,00  
24.12.: 16.15 Diakoniutv..kr. 9406,50  
25.12.: Det No. Misj.selsk..kr. 6465,00  
26.12.: Kirkens Bymisjon ...kr. 3572,00  
28.12.: Kyrkjelydsarbeidet .kr. 1975,00  
01.01.98.: Kyrkjelydsarb....kr. 2898,00  
04.01.: Santalmisjonen .....kr. 5076,00  
11.01.: Hjemmenes Dåpsr. kr. 3990,00

### Ytre Arna sokn:

- 30.11.: IKO .....kr. 2548,00  
07.12.: Konfirmantarb.....kr. 1066,00  
14.12.: Kirkens sosialtj. ....kr. 680,00  
12.12.: Orgelfondet .....kr. 3764,00  
24.12.: Kirkens Nødhjelp ...kr. 9841,00  
01.01.98.: Kyrkjelydsarb....kr. 713,00  
04.01.98.: Israelsmisjonen .kr. 1655,00

# Kyrkjelydsblad

## Haukeland/Unnland

### 1. februar

Jens Hauge .....tlf. 55 24 01 43

### 8. februar

Nils Minde .....tlf. 55 24 01 54

### 15. februar

Berit Haugsvær .....tlf. 55 24 08 15

### 22. februar

Odmund Skjoldal .....tlf. 55 24 28 76

### 1. mars

Sverre Myklebust .....tlf. 55 24 29 05

### 8. mars

Agrip Hope .....tlf. 55 24 08 08

### 15. mars

Jens Hauge .....tlf. 55 24 01 43

## Arnatveit og Indre Arna

### 1. februar

Håøy .....tlf. 55 24 03 26

### 8. februar

Hollekve .....tlf. 55 24 23 45

### 15. februar

Eide .....tlf. 55 24 15 15

### 22. februar

Kaaresen .....tlf. 55 24 02 41

### 1. mars

Kjos .....tlf. 55 24 17 82

### 8. mars

Monstad .....tlf. 55 24 32 20

15. mars .....Håøy

## Neste nr. av Kyrkjelydsbladet

Neste nummer av Kyrkjelydsbladet kjem etter planen ut **11. mars**.

Stoff til bladet kan leverast til kyrkjekontoret innan tysdag **24. februar**.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Boks 64, 5260 Indre Arna.

**Redaktør:** Magne Mestad.

**Redaksjonsnemnd:** Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

**Bladpengar:** Kr. 35,- Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiornr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

## Dei tilsette i kyrkjelydane

### Sokneprest Kjell Nese

Prestegarden, 5260 Indre Arna

Tlf. 55 24 02 72

### Kap. Trygve Johansen

Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna

Tlf. 55 24 75 53

### Organist Arna

Gunnar Tungland (vikar)

Tlf. 55 28 38 01

### Kontorfullmektig Arna

Ella Kaaresen

Hølbekken 125, 5262 Arnatveit

Tlf. 55 24 02 41

### Kateket Erik Rodal

Stuajordet 31, 5262 Arnatveit

Tlf. 55 24 00 41

### Kyrkjetenar Arna

Svein Mjelde

Lonaleitet 109, 5233 Haukeland

Tlf. 55 24 28 71

### Organist Ytre Arna

Siri Brunvoll

Vågsbotn, 5090 Nyborg

Tlf. 55 18 45 29

### Kontorfullmektig Ytre Arna

Benthe Vevle Birkeland

Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna

Tlf. 55 24 73 92

### Kyrkjetenar Ytre Arna

Sølv Sæle

Skulev. 8, 5265 Ytre Arna

Tlf. 55 24 88 93

# ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 – Mobiltlf. 945 01504

*Står til teneste med alt ved dødsfall*

## SAMDALS

\_\_\_\_\_ BYRÅ  
JONSVOLSGATEN 1

**55 90 19 80 hele døgnet**

*Kommer også hjem for samtale.*  
J. Teigland tlf. privat 55 24 22 23



TLF. 55 24 25 95

*Vi utfører alle oppdrag innen  
blomsterdekoratørfaget*

## Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN



Våre representanter i Arna  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23

*Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris*

DØGNVAKT  
**55 32 55 50**

## FØRERKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåfører

Tlf. 55 24 00 83/94 68 88 41



## KIRKEN SOS

Treng du nokon  
å snakka med?

Ring 55 32 32 00  
frå klokka 19 til 07  
alle dagar  
eller mellom klokka 10 og 14  
måndag til fredag



Vestlivn. 75 – Garnes  
Tlf.: 55 39 01 40  
Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranse.

Pynting av kirke,  
konsert- og forsamlingslokaler.

### Espeland Gartneri

5230 ESPELAND TLF. 55 24 08 09  
ARTHUR HOPE

Din lokale  
storbanks  
i Arna!



Filial Arna – tlf. 55 24 05 20

## I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer  
husholdningsapparat.  
Monterer TV-antennar,  
også TV 2.

**Litangen**  
**Husholdningsservice,**  
**Garnes**  
**Telefon 55 24 02 87**

# Velkommen til kyrkje

**01.02.:** *Vingårdssøndagen – Luk. 17,7-10*

**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese og professor Carl Fr. Wisløff. Nattverd. Takkoffer.

**Ytre Arna kl. 11.00.** FAMILIEGUDSTENESTE. Trygve Johansen og Målfrid Sandvik. BORNA SIN MISJONSSØNDAG. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap. Kyrkjekaffi.

**08.02.:** *Såmannssøndagen – Mark. 4,26-32*

**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese og Håkon Fagervik. Dåp. Takkoffer.

**Arna kl. 19.00.** Møte i kyrkja v/alle frisamfunn i Arna. Takkoffer til Bibelmisjonen.

**15.02.:** *Kristi forklaringsdag – 2. Pet. 1,16-18*

**Arna kl. 11.00.** Ung Messe. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer.

**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Besøk fra Bibelskolen på Bildøy. Takkoffer til Bibelskolen.

**22.02.:** *Søndag før faste – Joh. 12,24-33*

**Arna kl. 11.00.** Sokneprest Ragnvald Hemstad. Dåp. Takkoffer.

**Ytre Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Takkoffer.

**25.05.:** *Askeonsdag – Matt. 6,16-18*

**Arna kl. 19.30:** Fastegudsteneste. Trygve Johansen.

**01.03.:** *1.s.i. faste – Matt. 16,21-23*

**Arna kl. 11.00.** ELDREDAG. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer.

**Ytre Arna kl. 11.00.** Sokneprest Ragnvald Hemstad. Nattverd. Takkoffer.

**04.03.:** *Trengereid kl. 19.00.* Fastegudsteneste. Kjell Nese. Nattverd.

**05.03.:** *Ytre Arna kl. 18.30.* Årsfest. Trygve Johansen.

**08.03.:** *2.s.i. faste – Hebr. 2,10-13*

**Ytre Arna kl. 11.00.** Sokneprest Ragnvald Hemstad. Dåp. Takkoffer.

**Trengereid kl. 11.00.** FAMILIEGUDSTENESTE Kjell Nese. Takkoffer.

**11.03.:** *Betania kl. 19.00.* Fastegudsteneste. Kjell Nese.

**15.03.:** *3. s.i. faste – Luk. 4,31-37*

**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Bhutan-jubileum. Takkoffer.

**Ytre Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Eldredag. Nattverd. Takkoffer. Kyrkjekaffi.

**18.03.:** *Takvam kl. 19.00.* Fastegudsteneste. Trygve Johansen.

**Ytre Arna kl. 19.00.** Fastegudsteneste. Kjell Nese.